



Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 17/8201-1

Møteplan kontrollutvalet 2018

Kontrollsjef rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Møteplan for kontrollutvalet 2018:

Tysdag	20. februar
Tysdag	3. april
Tysdag	22. mai
Mandag	4. juni
Tysdag	28. august
Tysdag	25. september
Tysdag	20. november

Vedlegg:

- Møte- og aktivitetsplan 2018 for kontrollutvalet
- Saksprotokoll FU-sak 94/17

Andre relevante dokument i saka:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Møteplan for møta i kontrollutvalet vert sett opp etter å ha teke omsyn til møte i andre politiske fora i fylkeskommunen, og då spesielt fylkestinget sine møte. Møteplan 2018 for fylkesting, fylkesutval og finansutval i tillegg til politikardagar vart vedteke av fylkesutvalet 16. oktober i FU-sak 94/17. I vedtaket vart det bestemt slik plan for møta i fylkestinget:

- 17. april (Dette tingsetet vert gjennomført dersom det er nok saker)
- 12. og 13. juni
- 16. oktober
- 4. og 5. desember

Det er også viktig å unngå å ha kontrollutvalsmøte same dagane som det er fylkesutvalsmøte.

Det er utarbeidd ein møte- og aktivitetsplan for kontrollutvalet, som er vedlagt denne saka. Møte- og aktivitetsplanen inneheld andre aktivitetar som utvalet sine medlemmar vanlegvis deltek i, men i denne saka er det møteplanen for kontrollutvalsmøta som skal handsamast. Møte- og aktivitetsplanen vart sendt medlemmane i kontrollutvalet 25. oktober slik at medlemmane i utvalt fekk mogelegheit til å kome med innspel om datoane som var sett opp. 10. november var det ikkje kome inn kommentarar på denne planen.

2. Vurderingar og konsekvensar

Erfaring frå dei seinare år viser at tysdag er ein god møtedag. Det er i planen føreslege tysdagar, med unntak av møte 4. juni, som er ein måndag. Møtet er sett opp måndag for å få sendt eventuell sak til fylkestinget ei veke før tingsetet 13. – 14. juni.

Det er fastlagt tre politikardagar i 2018. Det er lagt opp til å gjennomføre kontrollutvalsmøte dagen etter politikardagane med unntak av 30. mai der det er planlagt politikardag og hovudutvalsmøte på same dag. Det har vore vanleg praksis at medlemmane i kontrollutvalet har deleteke på politikardagane. Oppmøte på politikardagane er teke omsyn til i budsjett for 2018. Politikardagen 30. mai fell saman med årsmøte og fagkonferanse i regi av Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT). Dette er då årsaka til at det vert føreslege møte i kontrollutvalet 22. mai.

Det er for 2018 sett opp 7 møte i kontrollutvalet, slik det var i 2017. Det er sjølv sagt mogeleg for kontrollutvalet å gjennomføre ekstramøte utover møta i møteplanen dersom det skulle dukke opp situasjonar som tilseier behov for det.

3. Konklusjon

Kontrollsjef håper at medlemmane i utvalet, med opplegget som er skissert i denne saka, vil få eit godt grunnlag til å ta det ansvaret og gjennomføre dei kontrollloppgåvene som hører inn under vervet som medlem i kontrollutvalet for Sogn og Fjordane fylkeskommune.